



Eidfjord kommune
Simadalsveien 1
5783 EIDFJORD

Dato: 24.05.2016
Vår ref.: 2014/16981-24
Saksbehandlar: livsund
Dykkar ref.:

Fråsegn til kommunedelplan Sysendalen, Eidfjord - melding om vedtak

Vi viser til brev datert 22.12.2015 der kommunedelplan for Sysendalen var sendt på høyring.

Saka var opphavleg sett til handsaming 16. februar, men vart vedteke utsett til etter synfaring 18. mars. Saka var drøfta i felles møte med fylkesmannen 15. april, der fylkeskommunen var representert ved utvalsleiar og nestleiar samt representantar frå administrasjonen.

Fylkeskommunen mottok brev frå kommunen om endringar i planframlegget fredag 29. april. Dette brevet (datert 22.04.2016), vart då lagt som vedlegg til saka, saman med eit kart som viste eit redusert areal på ca 400 daa aust for Drølstølsbekken. Tida var for knapp til å gjere endringar i saksutgreiinga, som då vart uendra til møtet i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 10. mai.

Det vart gjort følgjande vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 10. mai 2016:

1. Forslaget om alpindestinasjon «Eidfjord Resort», som er det sentrale føremålet i ny kommunedelplan for Sysendalen, er i konflikt med soner for nasjonalt villreinområde og retningslinjer for reiselivsutbygging i regional plan for Hardangervidda. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser det likevel som viktig å vise fleksibilitet ift grensene, då det har svært stor betydning for utviklinga i Sysendalen og Eidfjord.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til brev frå Eidfjord kommune av 22.04.2016 der 400 dd aust for Drølstølsbekken er tatt ut, og føresegnene endra. Vidare viser vi til nytt kart av 03.05.2016 der ytterlegare 190 dekar er teke ut sørvest i planområdet. Til saman utgjer dette 590 dekar. Med dei nye opplysningane vil det totale området som er innanfor grensene for villrein vere avgrensa i ein slik grad at planen kan tilrådest.
3. Aktivitetane knytt til Amundsen view point vert lagt ned til skilandsbyen, og heisen vert avgrensa til stolheis. Føresegnene må tilpassast denne føresetnaden.

Vedtak med saksutgreiing frå møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 10. mai 2016 er vedlagt.

Eva Katrine Taule
kst. plansjef

Liv Sundheim
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Fylkesmannen i Hordaland
Statens vegvesen - Region Vest

Arkivsak: 141
 Arkivnr: 2014/16981-17
 Saksbehandlar: Liv Sundheim, Tore Slinning, Gunnbjørg Austrheim, Gunhild Raddum, Marta Rongved Dixon

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	29/16	16.02.2016
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	74/16	10.05.2016

Fråsegn til kommunedelplan for Sysendalen, Eidfjord kommune

Samandrag

Eidfjord kommune har sendt kommunedelplan for Sysendalen på høyring, der det sentrale elementet er å leggje til rette for ny alpindestinasjon Eidfjord Resort. Planen omfattar også formalisering av eksisterande sti- og løypeplan og endring av føremål fritidshus til bustad.

Sysendalen er eit mykje nytta hytte- og friluftsområde sommar og vinter. Vøringsfossen er eit nasjonalt ikon. Kommunen ønskjer å satse på utvikling av Sysendalen som eit friluft- og turismål, og det er lagt til rette for dette også innan gjeldande planar.

Alpindestinasjonen omfattar løyper, skiheisar og gondolbane med toppstasjon og landsby med skiheis og gondolbane med botnstasjon, samt tilkomstveg. Løypeområdet og topp-punkt for gondolstasjon ligg delvis inne i nasjonalt villreinområde sone B i Regional plan for Hardangervidda og ligg også nær til Hardangervidda nasjonalpark. Alpindestinasjonen ligg utanfor området som i regional plan er avsett til område med «tett fritidsbebyggelse, alpinanlegg og/eller reiselivsbedrifter». Forslaget er dermed i strid med viktige prinsipp og føringar i Regional plan for Hardangervidda.

Ifølgje konsekvensutgreiinga (KU) vil det bli negativ konsekvens for landskap og auke i transport, støy og utslepp. Totalt sett er planforslaget i KU vurdert til å gje liten til middels negativ konsekvens for miljøet og liten negativ konsekvens for samfunnsutvikling. Vi kan ikkje sjå at avbøtande tiltak er nedfelt i høyringsforslaget.

Fylkesrådmannen kan ikkje tilrå planar og tiltak som er i strid med regional plan før den regionale planen eventuelt er revidert. Det er òg svært problematisk å støtte planar og tiltak som fører med seg negative konsekvensar for natur og landskap av høg regional og nasjonal verdi. Planområdet ligg også i område av svært høg verdi for friluftsliv.

På bakgrunn av konflikt med regional plan for Hardangervidda og negative landskapskonsekvensar i område av svært høg verdi vert det tilrådd motsegn til planforslaget.

Hovudinstrykket av planforslaget er at det er lagt opp til omfattande og ambisiøs utbygging av ny alpindestinasjon på eit usikkert grunnlag, og utan at prinsipp om berekraftig reiselivsutvikling og forholdet til andre destinasjonar i fylket og tilgrensande regionar er lagt til grunn. Det må gjerast marknadsundersøkingar og utarbeidast ein utviklingsstrategi, helst med erfaringar frå tilsvarande etableringar i Hordaland og Vestlandet elles.

Planforslaget legg til rette for grendeutvikling gjennom å opne for bruksendring av fritidsbusetnad til heilårsbusetnad. Dette er i strid ved viktige prinsipp i regionale plan for attraktive senter og regional folkehelseplan og vert frårådd.

Det må leggjast inn omsynssoner og retningslinjer som sikrar at verneføremåla til kulturminne og kulturmiljø blir ivareteke.

Forslag til vedtak

1. Forslaget om alpindestinasjon «Eidfjord Resort» som er det sentrale føremålet i ny kommunedelplan for Sysendalen er i konflikt med soner for nasjonalt villreinområde og retningslinjer for reiselivsutbygging i regional plan for Hardangervidda. Den føreslåtte arealbruken kan ikkje godkjennast før eventuell revisjon av den regionale planen tillet dette. Det same gjeld reguleringsplanar som skal legge godkjent kommunedelplan til grunn. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn til kommunedelplanen på dette grunnlaget.
2. Området for alpindestinasjon ligg i landskap og friluftsområde av svært stor verdi. I konsekvensutgreiinga er alpindestinasjonen vurdert til å ha stor negativ konsekvens for natur og landskap. Omsyn til landskap, natur og naturbasert friluftsliv må få høg prioritet når det vert fremja planar i verdifulle fjellområde som Sysendalen, og må vere førande for det vidare arbeidet med kommunedelplanen og påfølgjande reguleringsplanar.
3. Bruksendring av fritidsbusetnad til heilårsbustader for å auke talet på fastbuande i Sysendalen er uheldig og i strid med viktige prinsipp i regionale planar som har mål og tiltak knytta til styrking av eksisterande sentra, tilgjenge og nærleik til tenester. Bruksendring vert frårådd.
4. Hordaland fylkeskommune ønskjer å støtte opp om ei berekraftig reiselivsutvikling både i Eidfjord og fylket forøvrig. I kombinasjon med Vøringsfossen er det eit potensiale til stades for vidareutvikling i Sysendalen. Det vil også vere rom for utvikling av alpine vinteraktivitetar innanfor planområdet i ein skala som er i tråd med omsyn i punkt 1 og 2. Før ein går vidare med planar om alpindestinasjon må det gjerast marknadsundersøkingar og utarbeidast ein utviklingsstrategi, etter prinsipp om berekraftig reiselivsutvikling.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016

Kjell Håland (A) sette fram slikt forslag:

1. "Utval for kultur, idrett og regional utvikling utset saka til møtet 10. mai.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om ei synfaring og dialog med kommunen.
3. Det blir synfaring i Eidfjord 10. mai."

Røysting (forslaget om utsetjing)

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling utset saka til møtet 10. mai.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om ei synfaring og dialog med kommunen.
3. Det blir synfaring i Eidfjord 10. mai.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 10.05.2016

Gunn Berit Lunde Aarvik (A) sette på vegner av A, KrF, Sp, H og Frp fram slikt forslag:

1. «Forslaget om alpindestinasjon «Eidfjord Resort», som er det sentrale føremålet i ny kommunedelplan for Sysendalen, er i konflikt med soner for nasjonalt villreinområde og retningslinjer for reiselivsutbygging i regional plan for Hardangervidda. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser det likevel som viktig å vise fleksibilitet ift grensene, då det har svært stor betydning for utviklinga i Sysendalen og Eidfjord.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til brev frå Eidfjord kommune av 22.04.2016 der 400 dd aust for Drølstølsbekken er tatt ut, og føresegnene endra. Vidare viser vi til nytt kart av 03.05.2016 der ytterlegare 190 dekar er teke ut sørvest i planområdet. Til saman utgjer dette 590 dekar. Med dei nye opplysningane vil det totale området som er innanfor grensene for villrein vere avgrensa i ein slik grad at planen kan tilrådest.
3. Aktivitetane knytt til Amundsen view point vert lagt ned til skilandsbyen, og heisen vert avgrensa til stolheis. Føresegnene må tilpassast denne føresetnaden.»

Røysting

Aarvik sitt forslag vart vedteke med 12 røyster mot 1 røyst (MDG) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Vedtak

1. Forslaget om alpindestinasjon «Eidfjord Resort», som er det sentrale føremålet i ny kommunedelplan for Sysendalen, er i konflikt med soner for nasjonalt villreinområde og retningslinjer for reiselivsutbygging i regional plan for Hardangervidda. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser det likevel som viktig å vise fleksibilitet ift grensene, då det har svært stor betydning for utviklinga i Sysendalen og Eidfjord.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til brev frå Eidfjord kommune av 22.04.2016 der 400 dd aust for Drølstølsbekken er tatt ut, og føresegnene endra. Vidare viser vi til nytt kart av 03.05.2016 der ytterlegare 190 dekar er teke ut sørvest i planområdet. Til saman utgjer dette 590 dekar. Med dei nye opplysningane vil det totale området som er innanfor grensene for villrein vere avgrensa i ein slik grad at planen kan tilrådest.
3. Aktivitetane knytt til Amundsen view point vert lagt ned til skilandsbyen, og heisen vert avgrensa til stolheis. Føresegnene må tilpassast denne føresetnaden.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
regionaldirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Kommunedelplan for Sysendalen - planomtale
- 2 Kommunedelplan for Sysendalen - plankart
- 3 Kommunedelplan for Sysendalen, trafikkvurdering
- 4 Fylkesmannen_fråsegn_motsegn
- 5 Brev frå Eidfjord kommune
- 6 Kart Sysendalen - Eidfjord resort

Fylkesrådmannen, 07.01.2016

1. Bakgrunn

Eidfjord kommune har sendt kommunedelplan for Sysendalen på høyring med frist 10.02.2016. Fylkeskommunen har fått utsett frist grunna politisk handsaming til 18.02. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Utval for kultur, idrett og regional utvikling kan gje fråsegn og fremje motsegn til planen dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel.

Når motsegn blir fremma må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland.

1.1 Planprosess og medverknad

Kommunedelplan for Sysendalen var vedteke i 2005. I samband med rullering av kommuneplanens arealdel i 2011 var det ikkje vedteke andre endringar enn utviding av alpinbakken på Maurset samt opna for nokre nye stølshus. Hordaland fylkeskommune gav innspel til planprogrammet for kommunedelplanen i brev 29.07.2014. Eit utkast av planen var drøfta i regionalt planforum 25.08.2015. Kommunen har gjennomført folkemøte med gjennomgang av tema i planen.

Samtidig med at forslag til kommunedelplan er på høyring, er det meldt oppstart av detaljreguleringsplan for ny alpindestinasjon (Eidfjord Resort), som er det sentrale føremålet med revideringa av kommunedelplanen. Hordaland fylkeskommune si fråsegn til kommunedelplanen vil bli lagt til grunn for fylkeskommunen sine innspel til oppstart av reguleringsplanen.




Fig. 1 Utsnitt av eksisterande kommuneplan for Eidfjord, med markering som viser planområde for kommunedelplan for Sysendalen.

2. Innhald i planen

I dette avsnittet blir innhaldet i planforslaget kort referert, utan vurdering av konsekvensar for regionale interesser.

2.1 Planforslag

Føremålet med planarbeidet er tredelt:

- a) Utvikling av alpindestinasjon (Eidfjord Resort)
- b) Formalisere vedteken sti- og løypeplan
- c) Endring av føremål fritidshus til bustad

Ut over dette er det ikkje lagt opp til endringar. Utvikling av alpindestinasjon er det sentrale føremålet.

Planomtale

I planomtalen er gjort greie for føremålet med planarbeidet og planprosess, viktige omsyn i planarbeidet, område for ny arealbruk, konsekvensutgreiing av arealbruk, ROS-analyse, eksisterande arealbruk – vurderingar og konsekvensar i høve nytt planforslag samt innkomne merknader ved oppstart. Det ligg også føre ei trafikkvurdering for utvikling av alpindestinasjon. Føremåla er skildra slik:

Alpindestinasjon:

«Dette er eit privat initiativ for utvikling av alpindestinasjon opp mot Rundehaugen frå Fetaleitet og Gondolbane opp mot nordsida av Kistenuten med kafe på endestasjonen og fleire nedfartar mot Fet. I området rundt planlagt nedre startområde for gondol og skiheis er det tenkt utvikla bu- og servicetilbod. Forslaget er omfattande i arealbruk og er ikkje i samsvar med gjeldande arealdel til kommuneplanen. Ny alpindestinasjon får konsekvensar for villreinens leveområde, friluftsliv, infrastruktur, VA, næringslivet lokalt og i kommunen og arealbruk i andre delar av dalen.»

Sti- og løypeplan:

«For å sikra areal vedteke som sti og løyper for framtida er det ynskjeleg å leggja vedteke sti- og løypekart til grunn for arealbruk i kommuneplanen. Dette vert ei formalisering av gjeldande situasjon i kommuneplanen.»

Endring av føremål fritidshus til bustad:

«I planarbeidet skal det vurderast moglegheit og konsekvensar for bruksendring frå fritidsbustad til bustad. Avklaring av problemstillingar knytt til dette bør avklarast på eit overordna nivå framfor å handsamast som dispensasjonssak i enkeltsaker. Slike saker har mange sider, mellom anna konsekvensar for kommunal verksemd (til dømes drift av vegar, VA, skule og helsetenester), om områda er eigna for heilårsbusetnad, innverknadar på friluftsliv.»

Føringar for planarbeidet

Planforslaget innhald oversikt over statlege og regionale føringar. I oversikten over regionale planar er ikkje relevante planar som Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel og Regional plan for folkehelse ikkje nemnt. Folkehelseplanen slår fast at folkehelseomsyn skal vere integrert i all samfunnsplanlegging og at alle planar skal vurdere konsekvensar for folkehelsa. Barn og unges interesser i planlegging er også lovfesta. Desse omsyna er relevante med tanke på innhaldet i planforslaget, men kjem ikkje klårt fram.

I regi av Hordaland fylkeskommune er det laga ei kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde i Hordaland, og også utarbeidd ein rettleiar for landskap i Hordaland. Desse er relevante for planarbeidet, men er ikkje med i lista over referansar for planarbeidet og det er uvisst i kor stor grad dette er lagt til grunn.

Plankart

Det er utarbeidd eit hovudkart som viser arealføremål, samferdsleliner og område der reguleringsplan skal gjelde. Det er også laga eit plankart med omsynssone for fare, og eit plankart for omsynssone bevaring. I planomtalen er det eit illustrasjonskart som viser nye område for arealbruk (fig. 2).

Føresegner

Det er utarbeidd generelle føresegner og retningsliner knytt til arealføremål. Desse gir òg føringar for detaljreguleringsplanen for ny alpindestinasjon (Eidfjord Resort) som er starta opp. Retningslinene er ikkje juridisk bindande, men skal vere rettleiande for kommunen si sakshandsaming.

Dei *generelle* føresegnene gir føringar om plankrav, utbyggingsavtaler, energi, vassforsyning og avløp, veg og transport, rekkjefølgjekrav, byggegrenser til sjø og vassdrag, universell utforming, omsyn til born og unge, krav til uteopphaldsareal, krav til parkering, klima, estetikk og arkitektur, natur, landskap og grøntstruktur, støy, renovasjon, bevaring av eksisterande bygningar og kulturmiljø, samt krav til vidare reguleringsarbeid.

Føresegnene til *arealføremål* omfattar hovudføremåla Bygningar og anlegg, Samferdsle og teknisk infrastruktur, Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift (LNFR), Grønstruktur og Bruk og vern av sjø og vassdrag. Fleire av underføremåla til Bygningar og anlegg er kombinerte føremål, som næring/fritidsføremål/bustad, kombinert fritidsbustad/bustad og bustad/tenesteyting.

Det er utarbeidd føresegner for tre typar omsynssoner: Sikrings-, støy og faresoner, Sone med særlege omsyn og Sone der reguleringsplanar fortsatt skal gjelde.

2.2 Konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga (KU) er ein del av planomtalen og skal også leggjast til grunn for utviklinga av ny alpindestinasjon der reguleringa er starta opp. Konsekvensutgreiinga omtalar eit 0-alternativ samt nye føremål.

Sysendalen - dagens situasjon – 0-alternativet

0-alternativet i konsekvensutgreiinga tar utgangspunkt i dagens situasjon, der aktiviteten i Sysendalen vert vidareført med hovudfokus på utvikling av tradisjonelle hytteområde med langrenn som viktigaste vinteraktivitet i kombinasjon med eksisterande alpinbakke på Maurset. Sysendalen er eit mykje nytta friluftsområde både sommar og vinterstid, men med mest aktivitet om vinteren. I tillegg har planområdet eit av Norges mest berømte fossefall, Vøringsfossen.

I tillegg til stiar og løyper som går fram av kommunen sin sti- og løypeplan, har DNT fleire merka stiar gjennom planområdet. Innanfor planområdet ligg det fire turistbedrifter. Fossli Hotel og Liseth Pensjonat og Hyttetun har heilårsdrift, medan Garen gard og hyttesenter AS har sesongaktivitet i hovudsak knytt til sommar, vinterferie og påske. På Garen er det og ein kolonialbutikk. På Maurset ligg Sysendalen skisenter, som har drift i perioden desember til påske avhengig av snømengde. Gjeldande arealdel til kommuneplanen legg til rette for utviding av skisenteret på Maurset. Utover dette legg kommuneplanen til rette for nye område for hytter og turisme/utleige og vidarefører eksisterande reguleringsplanar.

I Sysendalen er det er i dag om lag 720 fritidsbustader som er oppført eller under oppføring. Ut over dette er det godkjent reguleringsplanar for nærare 700. Det er 27 einebustadar innanfor planområdet. Fleire reguleringsplanar er nylig godkjent (Fet og Bruskorve) og det er under arbeid områderegulering for Stakseng der hovudmålet er å oppdatere gamle reguleringsplanar.

I 2014 vart det vedteken ny områderegulering for området kring Vøringsfossen (Fossatromma). Planen er ein del av Statens Vegvesen si satsing på utvikling av Nasjonale turistvegar. Føremålet med denne planen er å tilrettelegge området kring Vøringsfossen for turisme.

Kommunen ønsker å satse på utvikling av Sysendalen som eit friluftsliv- og turistmål og det er lagt til rette for dette også innan gjeldande planar. Også i 0-alternativet ligg det såleis føringar som siktar mot ein vesentleg auke i turistsatsinga i Sysendalen.

Nye arealføremål/ tiltak som er konsekvensutgreidd:

- A. Alpindestinasjon
- B. Sti- og løypeplan
- C. Bruksendring frå fritidsbustad til bustad




Fig. 2 Illustrasjon av ny arealbruk i planen. Blått og grønt er område for alpindestinasjonen Eidfjord Resort.

Alpindestinasjonen strekkjer seg over eit større område, med tre arealbruksføremål (jmf. fig. 2):

- A1. Alpinanlegg – Idrettsanlegg, med løyper, skiheis og gondolbane med toppstasjon
- A2. Alpinanlegg – Fritids-/Turisme, med landsby, skiheis og gondolbane med botnstasjon
- A3. Alpinanlegg – Samleveg (tilkomstveg)

I konsekvensutgreiinga er konsekvensane for miljø vurdert for kvart av dei ulike arealbruksføremåla samfunn vurdert samla, medan konsekvensane for miljø er vurdert samla. Følgjande tema er vurdert:

Miljø: Forureining (klimagass, anna utslipp til luft, forureining av jord og vatn); Transportbehov, energiforbruk og –løysingar; Kulturminne og kulturmiljø; Naturmangfald; Friluftsliv; Landskap; Tilgjenge til uteområde og sti- og løypenett.

Samfunn: Beredskap og ulukkesrisiko; Lokalt næringsliv; Verknad for kommunal tenesteyting; Vurdering av økonomisk berekraftig verknad.

I konsekvensutgreiinga er det vurdert verdi og omfang av kvart tema. Konsekvens vert angitt gjennom samanstilling av verdi og omfang og er avveging mellom fordelar og ulemper ved tiltaket i høve til dei ulike tema.

Oppsummering av konsekvensar slik dei er formulert i planforslaget:

«Det er gjennomført konsekvensutgreiing for dei nye føremåla. Løypeområdet og topp-punkt for gondolstasjon ligg delvis inn i villreinområde i Regional plan for Hardangervidda, det gjev tap av INONområde og har nærføring til nasjonalparken på Hardangervidda. Alpinanlegget legg til rette for ei vesentleg auke av aktiviteten i området. Det vert ei auke i transport, med utlepp og støy knytt til transport. Vidare vil auke i aktivitet og drift av alpindestinasjonen generere støy. Samla sett er ny alpindestinasjon vurdert å ha middels negativ konsekvens for miljøet. Anlegget vil vera positivt for utviklinga for Eidfjord kommune i høve arbeidsplassar og ringverknadar for lokale bedrifter.

Det er få negative konsekvensar knytt til betre tilrettelegging/stadfesting av eksisterande stiar og skiløyper. Totalt vert både miljø og samfunnskonskvensane av tiltaket vurdert som positiv konsekvens.

Auke i busetnad vil ikkje ha vesentleg negativ konsekvens for miljø. Opning for fleire bustadar i området er vurdert å totalt ha liten negativ konsekvens.

Totalt sett vil planframlegget gje liten til middels negativ konsekvens for miljøet og liten negativ konsekvens for samfunnsutvikling. Gjennom avbøtande tiltak som mellom anna reduserer ulempene for villrein og vektlegging av energieffektive løysingar vil dei nye tiltaka kommunedelplanen ikkje bryte vesentleg med nasjonale miljømål og forventingar til planlegging. Det er heller ikkje konsekvensar av tiltaka som bryt vesentleg med regionale føringar for området.»

3. Vurdering av regionale interesser

I dette avsnittet er vurdert i kva grad regionale interesser er ivarettatt i planen. Det er lagt mest vekt på tema som planen ikkje har teke tilstrekkeleg omsyn til og som har vore sentrale i tidlegare innspel. Omtale av arealformål i planen er å finne oppsummert i kapittel 4.

3.1 Generelt om planen

Tidlegare innspel frå Hordaland fylkeskommune

I innspel til planprogrammet for planen bad Hordaland fylkeskommune om at det i planarbeidet vart lagt vekt på følgjande:

- *«Ny arealbruk i Sysendalen må vere forankra i ein langsiktig arealstrategi der planområdet si bereevne vert lagt til grunn, og bør avventast inntil neste planstrategi for Eidfjord skal utarbeidast.*
- *Føringane i Regional plan for Hardangervidda må innarbeidast i kommunedelplanen.*
- *Området for «ny arealbruk» inngår i nasjonalt villreinområde sone B og sone C, og ligg tett opp til nasjonalt villreinområde sone A, i strid med Regional plan for Hardangervidda.*
- *Ifølgje retningsliner i Regional plan for Hardangervidda skal område for fritidsbustad og reiselivsutbygging lokaliserast utanfor villreinens leveområde, og primært under bjørkeskogsbeltet.*
- *Program for planar som er vurdert til å kome i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn skal etter forskrift om konsekvensutgreiingar foreleggjast departementet.*

- *Det må vurderast kva verknad naturinngrep og trafikkauke vil ha for Sysendalen sin opplevingsverdi for reiselivet og for brukarane elles.*
- *Prinsipp for berekraftig reiselivsutvikling må leggjast til grunn.*
- *Ei styrking av Vøringsfossen som attraksjon bør prioriterast føre nye utbyggingstiltak i Sysendalen.*
- *Planar for Eidfjord Resort må vurderast opp mot vedteke vidareutvikling på Maurset.*
- *Det må takast særlege omsyn til landskap, kulturminne og kulturlandskap og det må gjerast ein grundig landskapsanalyse for Sysendalen.*
- *Bruksendring frå fritidsbustad til bustad vert frårådd.*
- *Alle dalsidene har stort potensiale for funn av hittil uregistrerte kulturminne knytt til produksjon av jern i eldre- og yngre jernalder og mellomalder. Ein må ta høgde for arkeologiske registreringar av aktuelle areal for traseane og tilstøytande tiltaksområder. Tiltak som kjem i konflikt med kulturminne av nasjonal tyding må unngåast.*
- *Omsyn til klima, energibruk og miljø må vere viktige moment i kommunedelplanen.»*

Det vart understreka at Regional plan for Hardangervidda må vere ein heilt sentral premis for planen, og at at omsynet til landskap, friluftsliv og strategi for reiselivet i eit regionalt perspektiv ville vere viktige vurderingstema. Høringsforslaget har i begrensa grad tatt omsyn til dette.

Dei regionale interessene knytt til planforslaget kan i store trekk oppsummerast slik:

- Føringar i Regional plan for Hardangervidda – villreinens leveområde
- Landskap, friluftsliv, natur og opplevingsverdiar
- Utbyggingsmønster – fritidsbusetnad - heilårsbusetnad
- Berekraftig reiselivsutvikling
- Kulturminne og kulturmiljø

3.2 Regional plan for Hardangervidda (Hardangerviddaplanen) - føringar

Regional plan for Hardangervidda 2011-2025 er eit samarbeid mellom fylkeskommunane Hordaland, Buskerud og Telemark. Brot med regional plan vil uthole planen som eit felles styringsverktøy, og reiser dermed prinsipielle spørsmål. Den regionale planen skal etter all sannsynlegheit rullerast. Grensa for det nasjonale villreinområdet, og moglegheiter for å endre denne, da kan vurderast i ein større samanheng.

Handlingsprogrammet inneheld strategiar og retningslinjer for forvaltning av villreinen sine leveområde og for friluftsliv, fritidsbusetnad og reiseliv. Plankartet og retningslinjene er retningsgjevande for vidare kommunal planlegging. I handlingsprogrammet er lagt opp til at føringane skal innarbeidast ved første rullering av arealdelen av kommuneplan/kommunedelplan i kvar enkelt kommune. Føringane er ikkje lagt inn i forslaget til ny kommunedelplan for Sysendalen.

Plankartet for Hardangerviddaplanen er delt inn i desse sonene:

- Nasjonalt villreinområde - areal verna etter naturvernlova (sone A)
- Nasjonalt villreinområde (sone B)
- Fjell og anna utmark (sone C)
- Stølsdalar og anna utmark (sone D)
- Fjell- og fjordbygder (sone E)
- Fritidsbebyggelse (sone F)
- Reiseliv (sone G)

Villrein

I området for «ny arealbruk» i planforslaget inngår både nasjonalt villreinområde sone B og sone C. Planområdet ligg i tillegg tett opp til nasjonalt villreinområde sone A. I sone B skal utmarksnæringar og friluftsliv kunne utøvast, men tilpassast villreinen sitt behov. Sone C er område med stor landskaps-, natur-

og friluftsverdi utanfor det nasjonale villreinområdet. Felles for desse områda er at dei av omsyn til landskap, dyreliv, andre naturkvalitetar og/eller friluftsliv er ønskt oppretthalde som relativt urørte naturområde.

Planforslaget omtaler villreininteressene i ROS-analysen under punktet «Vurderinga av hendingar, hending 10 Naturmiljø/ naturmangfald, med forslag om avbøtande tiltak. For landsbyen er det er m.a. føreslått at omsynssone for bevaring av naturmiljø skal innarbeidast i kommunedelplanen med føringar om driftstid i føresegnene. Det er også sagt at planframlegget gjennom føresegnene føreset at utbygginga skal gjerast «*på ein miljøfagleg god måte ved å take omsyn til natur og artar med behov for særskilt ivaretaking, samt bruk av energieffektive løysingar.*» Dei føreslåtte avbøtande tiltaka er etter det vi kan sjå ikkje tatt inn i plankart og føresegner.

I planforslaget er vist til at Norsk Institutt for naturforskning (NINA) held på med ei kartlegging av villreinstamma på Hardangervidda. Denne er enno ikkje klar. Tidlegare rapportar som ligg til grunn for regional plan viser at villreinområdet i Sysendalen er registrert med låg verdi som vinterbeite og med middels verdi som kalvingsområde og sommarbeite. Det er også vist til eit notat utarbeidd av Norconsult, der det m.a. er vist til at Drølstølsbekken er ein barriere slik at dyra i liten grad nyttar arealet nord om bekketjølet, og at villreinen har vist tendens til å beite ned i randsonene på vårparten. Differensiering mellom sommar- og vinterbruk er nemnt som eit tiltak for å ivareta villreinen sine interesser.

Fritidsbusetnad og utbygging for reiseliv

I Regional plan for Hardangervidda er området innover Sysendalen avsett som reiselivssone G, som omfattar fritidsbustader, alpinanlegg, reiselivsbedrifter og fast busetnad med tilhøyrande grøntstruktur. Hardangerviddaplanen har som prinsipp at det ikkje skal vere ny fritidsbusetnad innanfor nasjonalt villreinområde, og tyngre utbygging av fritidsbusetnad og reiselivsutvikling skal leggjast til område som allereie er teke i bruk til formålet. Det er opna for at utmarksnæringar skal kunne bygge naudsynte driftshusvære for å kunne utnytte utmarksressursane. Det vert ikkje lagt opp til etablering av nye turisthytter, men dei som er etablerte skal kunne moderniserast og forsiktig utvidast.

Hardangerviddaplanen opnar for utviding av reiselivssonen i Sysendalen slik at alpinanlegg kan forlengast opp til Grytehogra ved Maurset, noko som også er i tråd med gjeldande kommuneplan.

Området for «ny alpindestinasjon» i planforslaget ligg derimot utanfor område avsett til Reiseliv sone G. Hardangerviddaplanen seier dette om utforming av fritidsbusetnad og reiselivsutbygging:

Nye fritidsbygg og ny reiselivsutbygging bør

- «*primært bygges ved fortetting i, eller i tilknytning til, alt bebygde områder og/eller utvidelser av tidligere oppførte bygg. Samtidig bør alle utbyggingsområder sikres gode grønne strukturer som del av utbyggingssonen.*
- *lokaliseres utenfor villreinens leveområder, og primært under bjørkeskogsbeltet. Bygningene bør ha god landskapstilpassing slik at de ikke er for eksponert og heller ikke bryter synsranden.*
- *ved nærhet til viktige villreinområder bør kommunene stille rekkefølgekrav knyttet til sti- og løypeplaner som kanalisierer all ferdsel utenfor de sårbare områdene. Etablerte hytter i nasjonalt villreinområde kan utvides tilsvarende regelverket i nasjonalparken. Nye fritidsbygg skal ikke tillates i denne sonen.*
- *Det skal ikke etableres ny bebyggelse beregnet på overnatting over tregrensa eller i det høyest liggende skogsbeltet.»*

3.3 Landskap

Planane for alpindestinasjon bygger på ein masterplan utarbeidd av det kanadiske firmaet Ecosign med tanke på utvikling av Eidfjord Resort. Masterplanen inneheld bl.a. ein utviklings- og egnethetsanalyse basert

på topografiske tilhøve og eksisterande infrastruktur, men ikkje analyse av innverknad på landskapet og heller ikkje marknadsundersøkingar.




Fig. 3. Utsnitt som viser plassering av anlegg for ny alpindestinasjon med arealføremål fritids- og turistføremål (F/T1) og arealføremål idrett (I1 og I2) med forslag til løypetrasear innanfor området, samt grense for villreinområdet. Drølstølsbekken delar I-området i to.

Ved oppstart av kommunedelplanen i 2014 peikte vi på at skibakkar/nedfartar vil kreve fjerning og deponering av vegetasjon, overflatetilpassing og revegetasjon, og at det er behov for grundige landskapsanalyser og kartlegging av verknader både av bygg, vegar og alpinbakkar med illustrasjonar. Dette er i liten grad synleggjort i høyringsforslaget.

A1 «Alpinanlegg – løyper, skiheis og gondolbane med toppstasjon» er på ca 1550 daa (I1 og I2 på fig. 3). Nedre del er skogkledd, men øvre del er ope fjell-landskap. Området, som i dag er LNF-område, er føreslått omdisponert til alpindestinasjon/idrettsanlegg med skitrekk, løypetraser og gondolbane med toppstasjon og restaurantbygg. I konsekvensutgreiinga er det konkludert med *middels negativ konsekvens for landskap*. Landskapet er vurdert til å ha svært høg landskapsverdi. Toppstasjonen på «Amundsens viewpoint» er vurdert til å ha minimal silhuettverknad.

A2 «Alpinanlegg – landsby, skiheis og gondolbane med botnstasjon» (F/T1 på fig. 3) er på ca 570 daa og ligg inntil regulert og delvis utbygde hyttefelt på Fet. Eksisterande sti- og løypenett krysser området, som i dag er brukt som turområde. Området, som i hovudsak er LNF-område, er føreslått omdisponert til alpindestinasjon med tett utbygging av servicebygg (billettsal, butikk, utleigebutikk, lager, restaurant, toalett mm), utleieiningar, hotell, parkering, skiheis, gondolbane samt hytter/leilegheiter for sal. (Det er alt lagt ut tomter for sal i området).

Tilkomstvegen er i konsekvensutgreiinga vurdert til å ha middels negativ konsekvens totalt sett og særleg negativt innverknad på tilgjenge til uteområde og sti- og løypenett, ved sida av auka trafikk og støy.

Konklusjon for punkt 3.2 og 3.4:

Ny alpindestinasjon ligg utanfor området som i Regional plan for Hardangervidda er avsett til Reiseliv sone G - område med «tett fritidsbebyggelse, alpinanlegg og/eller reiselivsbedrifter». Plan for ny alpindestinasjon i Sysendalen er dermed i strid med prinsipp og føringar i Regional plan for Hardangervidda.

Store delar av alpinanlegget (I1 og I2 på fig. 3) kjem inn på villreinområde B, og er dermed i direkte konflikt med soner fastsett i regional plan. Det kan ikkje opnast for den føreslåtte arealbruken i kommunedelplanen før den regionale planen eventuelt er revidert. Det er på trappene ein forsiktig revisjon av planen, men dette er enno ikkje igangsett.

Konsekvensutgreiinga konkluderer med at anlegget vil ha *stor negativ konsekvens for landskap*. Det er vist til at alpinanlegget vil gje auke i transport, støy og utslepp, og at landsbyområdet vil ha stor innverknad på landskapet. Utan at fylkesrådmannen i samband med høyringa kan slutte seg til utbygging av alpinanlegg på I1 og I2, kan det sjå ut til I1 vest for Drølstølsbekken er mindre konfliktfylt enn I2 på austsida.

Fylkesrådmannen kan ikkje tilrå planar og tiltak som er i strid med regional plan. Det er òg svært problematisk å støtte planar og tiltak som fører med seg negative konsekvensar for natur og landskap av høg regional og nasjonal verdi, sjølv om noko av verknadene skulle kunne reduserast ved gode arkitektoniske løysingar, slik det er sagt i føresegnene til planforslaget.

På bakgrunn av konflikt med regional plan for Hardangervidda og store negative landskapskonsekvensar vert det tilrådd motsegn til planforslaget.

3.4 Friluftsliv, folkehelse, barn og unge

Sysendalen med tilgrensande fjellområde er i «Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område for friluftsliv i Hordaland» vurdert som «Svært viktig» utfartsområde for friluftsliv.

Planområdet for Eidfjord Resort ligg nordvendt og er meir snøsikkert enn på motsett side av dalen, noko som talar for at det kan leggjast noko meir til rette for alpine aktivitetar i dette området.

I konsekvensutgreiinga for «Alpinanlegg – Idrettsanlegg, med løyper, skiheis og gondolbane med toppstasjon» (I2 og I3 på fig. 3) er anlegget vurdert til å ha middels positiv konsekvens for friluftsliv. Det er kommentert at det legg til rette for fleire/ andre typar friluftsliv i området, men òg at det kan gje redusert verdi som tradisjonelt turområde. For «Alpinanlegg – Fritids-/Turisme, med landsby, skiheis og gondolbane med botnstasjon» (F/T1) er det middels negativ konsekvens, med kommentar om at verdien som tradisjonelt turområde kan bli redusert.

Sti- og løypenettet går gjennom nedre delar av landsbyområdet, og krysser også tilkomstvegen. Det er opplyst at det er laga forslag om å føre eksisterande stiar gjennom landsbyområdet om lag i same trasear som desse har i dag, og at dei kan innarbeidast i detaljreguleringsplanen.

Urbanisering av fjellheimen med fjell-landsbyar og alpinanlegg ser ut til å ha vorte ein trend dei seinare år utan at ein veit mykje om korleis dette påverkar det tradisjonelle norske friluftslivet. Friluftsliv er viktig for folkehelsa og både det offentlege og dei frivillige legg ned eit stort arbeid for å stimulere barn og unge til å delta. For at det skal vere tumleplass for barn i eit hytteområde er det òg viktig at det er nok eigna areal i nærområda rundt fritidsbustadene. Med tett utbygging og fokus på aktivitet i anlegg kan dei frie leikeområda bli mindre tilgjengelege og attraktive.

Konklusjon:

På bakgrunn av at planane om alpindestinasjon vil redusere verdien som friluftsliv- og turområde, bør kommunen oppmodast om å vektlegge tradisjonelt friluftsliv og naturoppleving i sterkare grad enn det som kjem fram i planforslaget.

3.5 Utbyggingsmønster

Fritidsbusetnad

I løpet av dei seinare åra er det fremja og vedteke ei rekkje reguleringsplanar for fritidsbusetnad i Sysendalen, og også frå kommunen si side er det slått fast at det ligg «betydeleg potensiale for nye fritidsbustader i eksisterande arealplanar». Det kan stillast spørsmål ved kor stort behov det er for nye hytteområde. Planforslaget er ikkje heilt tydeleg på kor mange nye einingar det er snakk om, men det er vist

til at masterplanen viser til eit potensiale ved full utbygging på ca 1800 sengeplassar og ca 120 hytter. Det er frå før 720 hytter i planområdet, og det er godkjent reguleringsplanar for om lag 700 i tillegg.

Bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad

Sysendalen har noko fast busetnad i dag med 27 bustader. I planforslaget er det vist til at dei aktuelle område for nye bustader er knytt til eksisterande bustadområde, og vil støtte opp om ein grendestruktur i dalen. I konsekvensutgreiinga er det konkludert med at auke i fast busette i kommunen i stor grad vil vege opp for ulempene med eventuelle auka krav til kommunal tenesteyting, og ikkje ha vesentleg negativ konsekvens for miljø. Innverknaden på kommunale tenester som skule (inkl. skuleskyss), barnehage, helse, renovasjon, kommunalt VVA, trafikktryggleik mm er nemnt, men ikkje problematisert.

I vår fråsegn til oppstart av kommunedelplanen var bruksendring til heilårsbustad i Sysendalen frårådd. Det vart vist til at bustader bør vere lokalisert slik at eksisterande senter vert styrka. Eidfjord kommune har følgd dette opp ved å utarbeide områdeplan for Eidfjord sentrum, som opnar for nye sentrale bustadområde. Vi stiller spørsmål ved om det er tenleg å legge til rette for auka heilårsbusetnad så perifert i kommunen. Næraste skule ligg om lag 20 km frå sentrale delar av Sysendalen. Fylkeskommunen har ansvar for å organisere og finansiere skoleskyss for elevar i 2. – 10 klasse som bur meir enn 4 km frå skulen.

Planforslaget legg her til rette for ei utvida etablering av busetnad ved innfallsporten til Hardangervidda, noko som vil skape utfordringar for tenestetilbod og transport. Regional plan for attraktive senter peiker på at lett tilgjenge til offentlege og private tenester er vesentleg for befolkninga sin trivsel og livskvalitet, og regional plan for folkehelse seier at bustadområde bør lokaliserast etter nærleiksprinsippet med gang- eller sykkelavstand til grunnskule, barnehage, daglegvarehandel, offentlege tenester og kollektivtransport.

Det er heller ikkje samsvar mellom ønsket om grendeutvikling og etablering av ein fjell-landsby oppe i Fetalia. Slik denne er lokalisert vil den ikkje ha nokon senterfunksjon for dei fastbuande.

Konklusjon:

Den føreslåtte bruksendringa frå fritidsbustad til bustad er i strid med viktige prinsipp i regionale planar og vert frårådd.

3.6 Sti- og løypeplan

Stiar og løyper er sentrale element for utøving av friluftsliv i området. Det er tidlegare utarbeidd ein sti- og løypeplan som no er formalisert ved å bli tatt inn i kommunedelplanen. Dersom det skulle bli behov for omlegging av løyper i samband med utbygging, føreset vi at dette vert gjort på ein måte som ikkje forringar tilhøva for skigåarar og ferdsle forøvrig. Ut over dette har ikkje fylkesrådmannen særlege kommentarar.

3.7 Næringsutvikling - reiseliv

Retningslinjer i Hardangerviddaplanen seier at tyngre utbygging av fritidsbusetnad og reiselivsutvikling skal leggjast til område som allereie er teke i bruk til formålet. Reiselivsstrategi for Hordaland legg til grunn at det gjennom samarbeid og innovasjon skal utviklast berekraftige tilbod innan natur- og kulturopplevingar som bidreg til økonomisk levedyktige reiselivsbedrifter og lokalsamfunn. I vårt innspel til oppstart rådde vi til å avvente nye større tiltak i Sysendalen inntil ein hausta erfaringar frå arbeidet ved Vøringsfossen. Når det er sagt, har vi forståing for kommunen sitt ønske om å vidareutvikle tilbodet om vinteraktivitetar i området. Vi ser også føremoner ved å legge til rette for eit utvida tilbod i meir nordvendt og snøsikkert område.

Frå tiltakshavars side er det trekt fram at Eidfjord Resort skal vere eit berekraftig reisemål. Innovasjon Norge har utarbeidd 10 prinsipp for eit berekraftig reiseliv. Desse er knytt til: 1) Bevaring av natur, kultur og miljø, 2) Styrking av sosiale verdiar og 3) Økonomisk levedyktigheit. For 1) inneber dette kulturell rikdom, landskapets fysiske og visuelle integritet, biologisk mangfald og reint miljø og ressurseffektivitet. For 2) m.a. styrking av livskvalitet og tilgang til fellesgoder, for 3) m.a. lokal verdiskaping og økonomisk

levedyktige og konkurransedyktige reiselivsbedrifter. Innovasjon Norge har utarbeidd ein standard for berekraftig reisemål, med kriterier og indikatorar der desse 10 prinsippa er lagt til grunn.

I vårt innspel til oppstart av kommunedelplanen peikte vi på at eit tiltak av eit slikt omfang må utgreiast også med tanke på økonomisk berekraft. I masterplanen for alpindestinasjon «Eidfjord Resort» er det også peikt på viktige kritiske element, både fysiske, marknadsmessige og økonomiske. Det er i hovudsak kapasitet og potensiale for alpinløyper i ulike soner som er utgreidd i masterplanen.

Det er lagt til grunn at anlegget skal tilby sightseeing-turisme i sommarsesongen, der mellom anna gondolbana er ein del av konseptet. Det er vurdert eit potensiale for sommarsesongen på ca 243.000 besøkande (etter meir enn 10 års drift) fordelt over dei 120 dagane sesongen er vurdert å vare. Det er då estimert at 75% av dagens 100.000 cruisepassasjerar kan vere mogeleg å fange opp til besøk i Eidfjord Resort og at 25% av dagens 675.000 besøkande i Vøringsfossen kan vere mogeleg å fange opp til besøk i Eidfjord Resort. Ved full utbygging innanfor foreslått område til alpindestinasjon (alpinanlegg og landsbyområde), er det estimert 3.000 skituristar pr dag.



Fig. 3 Illustrasjon av fjellandsbyen i brosjyre for Eidfjord Resort, som m.a. er nytta i salsprospekt for hyttetomter i detaljreguleringsplanen for Eidfjord Resort, der det er meldt oppstart.

Det er ikkje utført marknadsundersøkingar knytt til planane om Eidfjord Resort. Det kjem ikkje klårt fram av planforslaget korleis alpindestinasjonen kan utviklast som ein heilårs attraksjon, slik intensjonen synest å vere. Vøringsfossen er ein etablert turismagnet, som vil få auka attraktivitet og bruk når

tilrettelegginga knytt til Nasjonal Turistveg er gjennomført. Cruiseturistane – ved sida av andre vegfarande til og over Hardangervidda - er ei målgruppe for utflukt til Vøringsfossen sommars tid, på ei tid då alpinanlegget ikkje er i bruk. Det er eit opent spørsmål om kor vidt ein tur med gondolbane til «Amundsens viewpoint» vil verte ein tilsvarende attraksjon for denne gruppa.

Om vinteren er andre brukargrupper aktuelle. Då vert det spørsmål om korleis Sysendalen kan hevda seg i konkurranse med andre destinasjonar i fylket, som Voss, Myrkdalen og Odda (Røldal/Håradalen/Seljestad). Området må konkurrere med tung utbygging langs aksa Bergen – Voss – Geilo, og den økonomiske risikoen kan vere betydeleg. I tillegg ligg Sysendalen kommunikasjonsmessig mindre gunstig til i forhold til befolkningskonsentrasjonane på Vestlandet enn Voss og Odda. Dersom det er eit mål å auke overnattingskapasiteten i området, vil dette vere i konkurranse med hotell som allereie har problem med heilårs belegg.

Konklusjon:

Hovudintrykket er at det er lagt opp til omfattande og ambisiøs utbygging av ny alpindestinasjon på eit usikkert grunnlag. For å kunne gå vidare med planarbeidet må det gjerast marknadsundersøkingar og utarbeidast ein gjennomført og realistisk utviklingsstrategi for området, med fokus på korleis ulike element og tilbod skal kunne verka saman og dra i same retning. Erfaringar frå tilsvarende etableringar i Hordaland og Vestlandet for øvrig (t.d. for Myrkdalen) kan vere viktig i å så måte. For at utbygginga skal kunne reknast som «berekraftig reiselivsutvikling» må berekraftperspektivet med når det gjeld alle tiltaka i ei framtidig utbygging. Vi vil åtvare mot å sette i gang med fysiske tiltak og landskapsinngrep før det ligg føre gjennomarbeidde planar. Sidan dei planlagte tiltaka heller ikkje er i samsvar med regional plan for Hardangervidda, må det i tillegg avklarast om dei kan tillatast innanfor rammene av den regionale planen, noko som i så fall vil ligge noko fram i tid.

3.8 Samferdsel

Det er positivt at trafikkvurdering er gitt brei merksemd i eiga utgreiing. For dei tekniske løysingane som er planlagt vil dette bli tatt opp i høyringsuttale frå Statens vegvesen. Det er særleg viktig å legge til rette for gode forhold for dei mjuke trafikantane, og det er positivt at det er sett av areal til denne gruppa mellom Maurset og Garen. «Sti- og løypeplan» frå 2013 gir gode føringar for at besøkande og hyttefolk kan ferdast på ein bærekraftig måte i Sysendalen. I det vidare reguleringsarbeidet må det lagast løysingar i hytte- og alpinområdet som gjer det mogleg for mjuke trafikantar å ferdast på ein effektiv og trygg måte.

3.9 Vassforvaltning

Det er søkt om løyve til kraftverk i Drølstølbekken, som går gjennom området. Søknaden var handsama i fylkesutvalet 24.09.2015. Fylkesutvalet vedtok positiv tilråding men med følgjande atterhald: «*Dersom dei skisserte planane om utbygging av alpindestinasjon og fjell-landsby i Sysendalen verte vedtekne, meiner Hordaland fylkeskommune at det av omsyn til friluftsliv og reiseliv kan vere gode grunnar til å gje avslag på søknaden om kraftverk. Hordaland fylkeskommune reknar med at NVE gjer ei separat vurdering av dette spørsmålet med bakgrunn i dei planane Eidfjord kommune har.*»

3.10 Kulturminne og kulturmiljø

Nyare tids kulturminne

I samband med høyring av planprogrammet meldte fylkeskommunen at vi i medhald av dei planar som er godkjende er skeptisk til ei høg utnytting. Vi peikte på at i det vidare planarbeidet bør kommunen setja fokus på å sikre landskap og omgjevnad med kulturminne og kulturlandskap som ein ressurs. Planområdet er ope og eksponert og ei ytterlegare utbygging ser vi på som sårbar og eksponerande for nær- og fjernverknad.

Av det vi er kjent med av bygningar registrert i SEFRAK innafor planområdet, er fleire registreringar på Garden, Solbakken, Sjursløken og Fet. Kulturmiljøet på Fet er sikra på ein god måte i omsynssone H 570, bevaring av kulturmiljø.

Dei fleste nyare tids kulturminne ein er kjent med gjennom SEFRAK-registeret vert ikkje i direkte råka av dei nye tiltaka i planen, men det er likevel viktig å få kartlagt og verddivurdert desse og eventuelt andre nyare tids kulturminne innanfor planområdet. Det viktig å få fram informasjon om kulturminne som t.d. steingardar, vegar, vegfar etc. Dette er naudsynt for å vurdere om nokre av desse bør vernast og sikrast, og kva slags tiltak som er akseptabelt i nærleiken. Denne viktige synleggjeringa og kartlegginga av kulturminneinteressene manglar i planen som no er på høyring.

Automatisk freda kulturminne

Under arbeidet med den eksisterande kommunedelplanen blei det gjennomført ei grovmaska arkeologisk registrering for å få ein viss oversikt over kva område i Sysendalen som var mest innhaldsrike på automatisk freda kulturminne. Desse kulturminnelokalitetane blei markert som bandlagte område i eksisterande plankart, og viser at Sysendalen er svært rik på kulturminne frå ein omfattande produksjon av jern i eldre- og yngre jernalder og mellomalder.

Som det blei nemnd i vår fråsegn til planprogrammet, vil alle dalsidene ha stort potensiale for funn av hittil uregistrerte kulturminne knytt denne verksemda. I arbeidet med den nye kommunedelplanen gjeld dette meir spesifikt dei nye areala tiltenkt utbygging av alpinanlegg og fjellandsby. I vår fråsegn viste vi difor til at i samband med regulering av nye areal på Maurset og Fet ville det bli naudsynt med arkeologiske registreringar for å oppfylle undersøkingsplikta i høve § 9 i kulturminnelova. Generelt sett kan kulturminneundersøkingane bli gjennomført i samband med kommunedelplanen, eller som ledd i arbeidet med dei einskilde reguleringsplanane.

Når det gjeld areala tiltenkt alpinanlegg og fjellandsby i Fetalia blei det utført arkeologisk registrering av desse områda i september 2015 (jf. rapport med attendemelding i e-post til Eidfjord kommune datert

07.12.2015). I høve plankartet i den nye kommunedelplanen for Sysendalen, er omsynssoner med nye og tidlegare registrerte automatisk freda kulturminne på Høl og Fet lagt inn som bandlagte areal. Dette må også gjelde dei tidlegare kjente kulturminnelokalitetane på Garden, alle lokalitetane vidare austover langs bredda av Bjoreio, på Maurset og Storlia. Desse kulturminna inngår i eksisterande kommunedelplan, og må vidareførast i nytt plankart med tilhøyrande føresegner.

Omsynssoner:

Freda kulturminne må visast på plankartet med omsynssone (d), jf. plan- og bygningslova § 11-8, d. Kulturminne og kulturmiljø som ikkje er freda visast på plankartet som omsynssone (c), jf. pbl. § 11-8, c. Ein bør greie ut korleis kommunen skal sikre verneverdige kulturminne i planen. Omsynssoner skal i utgangspunktet kombinerast med arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, til dømes LNF. Det må vidare bli knytt føresegner til omsynssone d og retningsliner til omsynssone c, som sikrar at verneføremåla blir ivaretekne. Føresegner som sikrar omsynet til automatisk freda kulturminne er følgjande:

«Omsynssone d (SOSI-kode H730). I omsynssone d er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Det er ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelse inngrep som er egna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kml. § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.»

Retningsliner som sikrar at verneføremåla til kulturminne og kulturmiljø blir ivareteke er følgjande:

«Omsynssone c (SOSI-kode H570). Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne/kulturmiljø i området. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde for vurdering av kulturminneinteresser.»

4. Innspel til utvalde arealføremål

I dette avsnittet er oppsummert nye arealføremål som er i konflikt med regionale interesser, og korleis planen bør endrast i skjemaet nedanfor. Skjemaet er strukturert etter arealføremål for å få fram korleis regionale interesser samla sett blir påverka av planforslaget.

Arealføremål	Regionale interesser	Tilråding
Bebyggelse og anlegg		
Bustad		
Kombinert fritidsbustad/bustad	I strid med regional plan for attraktive senter i Hordaland som m.a. har som mål å styrke eksisterande senter med variert tilbod av bustader, tenester og effektiv og miljøvenleg transport. Regional plan for folkehelse seier at bustadområde bør lokaliserast etter nærleiksprinsippet med gang- eller sykkelavstand til grunnskule, barnehage, daglegvarehandel, offentlege tenester og kollektivtransport .	Fråå.
Fritids og turistføremål		
F/T 1 (A2. Alpinanlegg – Fritids-	Er i strid med retningsliner i regional plan for Hardangervidda som seier at tyngre utbygging	Utbygging i strid med regional plan utløyser

/Turisme, med landsby, skiheis og gondolbane med botnstasjon)	av fritidsbusetnad og reiselivsutvikling skal leggjast til område som allereie er teke i bruk til formålet. Negativ verknad for landskap. Reiselivsstrategi for Hordaland legg til grunn at det gjennom samarbeid og innovasjon skal utviklast berekraftige tilbod innan natur- og kulturopplevingar som bidreg til økonomisk levedyktige reiselivsbedrifter og lokalsamfunn.	motsegn, og er avhengig av eventuell revisjon av regional plan. Det må gjerast marknadsundersøkingar og utarbeidast utviklingsstrategi for området.
Idrett		
I1 og I2 (A1. Alpinanlegg – Idrettsanlegg, med løyper, skiheis og gondolbane med toppstasjon)	Er i strid med retningsliner og soneinndeling i regional plan for Hardangervidda. Negativ verknad for landskap. Reiselivsstrategi, sjå over.	Motsegn for område som kjem innanfor villreinområde. Det må gjerast marknadsundersøkingar og utarbeidast ein gjennomført og realistisk utviklingsstrategi for området.

5. Oppsummering

Eidfjord kommune har sendt kommunedelplan for Sysendalen på høyring. Det sentrale elementet i kommunedelplanen er å leggje til rette for ny alpindestinasjon Eidfjord Resort. Planen omfattar også formalisering av sti- og løypeplan og endring av føremål fritidshus til bustad. Arealføremål i eksisterande reguleringsplanar er meint vidareført og implementert i den nye kommunedelplanen.

Sysendalen ligg ved innfallsporten til Hardangervidda og er eit mykje nytta hytte- og friluftsområde både sommar og vinterstid, med mest aktivitet om vinteren. I området er eit av Norges mest berømte fossefall, Vøringsfossen. Kommunen ønskjer å satse på utvikling av Sysendalen som eit friluft- og turistmål og dette er også noko fylkeskommunen støttar, m.a. gjennom tilrettelegginga av området ved Vøringsfossen. Det er forståeleg at kommunen ønskjer å legge noko betre til rette for vinteraktivitetar. Planområdet for Eidfjord Resort ligg nordvendt og er meir snøsikkert enn på motsett side av dalen og det kan av den grunn vere tenleg å legge noko meir til rette her.

Alpindestinasjonen omfattar løyper, skiheisar og gondolbane med toppstasjon og landsby med skiheis og gondolbane med botnstasjon, samt tilkomstveg. Forslaget er omfattande i arealbruk og ikkje i samsvar med gjeldande arealdel til kommuneplanen. Løypeområdet og topp-punkt for gondolstasjon ligg delvis inne i nasjonalt villreinområde sone B i Regional plan for Hardangervidda og det er også nærføring til Hardangervidda nasjonalpark som er villreinområde A.

Retningsliner i Hardangerviddaplanen seier at tyngre utbygging av fritidsbusetnad og reiselivsutvikling skal leggjast til område som allereie er teke i bruk til formålet. Alpindestinasjonen ligg utanfor området som i Regional plan for Hardangervidda er avsett til Reiseliv sone G - område med «tett fritidsbebyggelse, alpinanlegg og/eller reiselivsbedrifter». Forslaget om ny alpindestinasjon i Sysendalen er dermed i strid med noverande viktige prinsipp og føringar i Regional plan for Hardangervidda. Den regionale planen vil bli vurdert i samband med det pågåande arbeidet med regional planstrategi. Grensa for det nasjonale villreinområdet, og moglegheiter for å endre denne, kan da vurderast i ein større samanheng.

Ifølgje konsekvensutgreiinga vil anlegget ha *stor negativ konsekvens for landskap* og gje auke i transport, støy og utslepp. Konsekvensutgreiinga seier òg at totalt sett vil planforslaget gje liten til middels negativ konsekvens for miljøet og liten negativ konsekvens for samfunnsutvikling. Det er vist til at gjennom avbøtande tiltak vil kommunedelplanen ikkje bryte vesentleg med nasjonale miljømål og forventingar til planlegging og heller ikkje med regionale føringar for området, utan at vi kan sjå at slike tiltak er nedfelt i plankart og føresegner.

Fylkesrådmannen kan ikkje tilrå planar og tiltak som er i strid med regional plan. Det kan ikkje opnast for den føreslåtte arealbruken i kommunedelplanen før den regionale planen eventuelt er revidert. Det er òg svært problematisk å støtte planar og tiltak som fører med seg negative konsekvensar for natur og landskap av høg regional og nasjonal verdi.

På bakgrunn av konflikt med gjeldande regional plan for Hardangervidda og negative landskapskonsekvensar i område av svært høg verdi vert det tilrådd motsegn til planforslaget.

Planområdet ligg i område av svært høg verdi for friluftsliv og verdien som friluftsliv- og turområde vil bli redusert, noko som også kjem fram i konsekvensutgreiinga.

Reiselivsstrategi for Hordaland legg til grunn at det gjennom samarbeid og innovasjon skal utviklast berekraftige tilbod innan natur- og kulturopplevingar som bidreg til økonomisk levedyktige reiselivsbedrifter og lokalsamfunn. Hovudinntrykket av planforslaget er at det er lagt opp til omfattande og ambisiøs utbygging av ny alpindestinasjon på eit usikkert grunnlag, og utan at berekraftperspektivet er lagt til grunn. For å kunne gå vidare med planarbeidet må det gjerast marknadsundersøkingar og utarbeidast ein utviklingsstrategi, helst med erfaringar frå tilsvarende etableringar i Hordaland og Vestlandet elles. Fysiske tiltak og landskapsinngrep må ikkje gjennomførast før det ligg føre gjennomarbeidde planar og rammene elles er på plass.

Planforslaget legg til rette for grendeutvikling gjennom å opne for bruksendring av fritidsbustad til heilårsbustad. Dette er i strid ved viktige prinsipp i regionale planar og vert frårådd. Regional plan for attraktive senter peiker på at lett tilgjenge til offentlege og private tenester er vesentleg for befolkninga sin trivsel og livskvalitet, og regional plan for folkehelse seier at bustadområde bør lokaliserast etter nærleiksprinsippet med gang- eller sykkelavstand til grunnskule, barnehage, daglegvarehandel, offentlege tenester og kollektivtransport. Grendeutvikling kan vanskeleg sameinast med etablering av ein fjell-landsby oppe i Fetalia, slik lokalisering ikkje vil ha nokon senterfunksjon for dei fastbuande.

Den føreslåtte bruksendringa frå fritidsbustad til bustad er i strid med viktige prinsipp i regionale planar og vert frårådd.

Det må leggjast inn omsynssoner og retningslinjer som sikrar at verneføremåla til kulturminne og kulturmiljø blir ivareteke.